



Olje- Og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Vår ref.:
23/91 - 23/775 / OLTE1

Dykkar ref.:

Dato:
06.01.2023

Svar på høring - Prekvalifiseringskriterier og auksjonsmodell for Sørlege Nordsjø II og Utsira Nord

Kinn kommune viser til pågåande høyring og kjem med følgande innspel. Generelt vil Kinn kommune peike på at det er viktig at utbygginga ikkje forringar verdien av fiskeriressursane og at dette er vektlagt også når ein tildeler kontrakter.

1. Når produksjonen av fossil energi i Nordsjøen minkar vil offhore vindkraft kunne erstatte deler av energitapet, men også arbeidsplassar, innovasjon og teknologiutvikling. Det er soleis positivt at departementet ynskjer kriterier som tek i vare at utbygginga skal gje norsk industriutvikling.
2. Utbygginga skal gje lokale ringverknadar, slik høyringa er inne på. Kinn kommune viser til at Hywind Tampen ikkje har gjeve noko aktivitet i Florø verken i monteringsfasen eller med vedlikehald og drift. Det er difor positivt at ein no vurderer dette annleis.
3. Med 30000 megawatt utbygd dei komande 20 åra vil dette kunne bety montering og bygging av 2 turbinar i veka. I eit slikt bilde må ein ha med seg at ein vil måtte etablere monteringsbasar på mange stadar i landet. Å gjenbruka eksisterande infrastruktur (dagens oljebasar til dømes) vil gje eit betre miljørekneskap.
4. Det er viktig å arbeide for at også industrimiljø som ligg eit stykke ifrå Sørlege Nordsjø og Utsira Nord også kan hevde seg i konkurransen om oppdrag og produksjon og montering av turbinar.
5. I konkurransen bør det og opnast for å stimulere for havvindparkar som er hybridparkar slik at ein får utnytta areala best mogleg. Om ein kombinerer vind, sol, tidevatn og bølger med hydrogen, ammoniakk, metanol og batteri så vil ein kunne gjere fornybar energi langt meir stabil enn dagens fluktuerande vindkraft tilbyr åleine.

Helsing

Ola Teigen
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur